

NVE

Innsendt dato: 09.05.2013

Referansenummer: VDJSWK

Innsending av høyringsfråsegn

Saksopplysningar	
NVE sitt saksnr.:	201208193
Sakstittel	Osdalen kraftverk
Høyringsfråsegn frå:	Privat person

Personopplysningar	
Navn	Odd Inge Osdal
Adresse	Osdalsvegen 730
Postnr	6110
Poststad	Austefjorden
e-post	odd.inge.osdal@tussa.com
Telefon	952 38799

Høyringsfråsegn	
Høyringsfråsegn	Saksnr. 201208193 Osdalen Kraftverk Då elva gjennom Osdalen i dag fungerer som gjerde for husdyr, må det etter ei utbygging settast opp gjerde i heile rørgatetraseen si lengde. Det er i dag omlag 200 geit, 50 storfe og 500 sau på beite som grensar til dette utbyggingsområdet. Gjerdehald og vedlikehald av dette må utbyggjar koste og yte midlar til i all framtid. For å gjere arbeid,vedlikehald og tilgang lettare, krev vi som grunneigarar at toppen av rørgatetrasèen blir etablert som ein traktorveg. Gjerdet må ligge på rørgatetrasèen, då gjerdehald elles er vanskeleg på grunn av fjellgrunn i heile rørgatetrasèen si lengde. Om køyremønster i kraftverket vert slik som opplyst i møtet 28.01.13 mellom Tussa Energi og grunneigarane i Osdal, vil det verte veldig varierende vassføring nedstrøms kraftverket. Tussa vil bruke kraftverket til å kompensere morgonforbruk og ettermiddagsforbruk. Dette er uheldig for miljøet langs elva, og det vil medføre ulemper for grunneigarane då elva nedstrøms kraftverket også fungerer som gjerde. Ca ein kilometer nedom kraftverket legg elva i dag att mykje stein og grusmasse som grunneigarane nyttar som vegmasse og diverse. Då ca 1.9 km av elva vert lagt i rør, vil denne masseavleiringa avta. Dette bør utbyggjar erstatte til Osdal. For grunneigarane av sameiget Osdal: Nils Ivar Osdal 58/1 Odd Inge Osdal 58/2 Kjell Ole Furnes 58/3
Høyringsfråsegn vedlegg	Ikke angitt
Annan relevant informasjon	Ikke angitt
Vedlegg av bilete og kart	